

DEKLARERING AV FARLEG AVFALL

KAV ER FARLEG AVFALL?

Farleg avfall er avfall som kan føre til skade på menneske, natur eller miljø. Til dømes: spillolje, batteri, syrer, lysrør, impregnert trevirke, isolerglasruter, rengjeringsmiddel, plantevernmiddel, løysemiddel, asbest og måling.

KVA ER EIN DEKLARASJON?

Det er eit krav i avfallsforskrifta at alt farleg avfall som vert sendt til behandling, er grundig dokumentert. Skjemadet som vert brukt for å dokumentere kvar avfallet har oppstått, kva miljø og helsefarar avfallet har, kva farar det utgjør ved transport og kven som har teke i mot det, kallast ein deklarasjon.

NÆRINGSLIVET SINE PLIKTER

Alle næringsverksemdar har ei lovpålagt plikt til å deklarere sitt eige farlege avfall, før det vert levert til godkjent avfallsmottak (Avfallsforskriften §11-12).

KORLEIS FÅR EIN DEKLARERT?

Etter 1.mai 2016 må all deklarasjon skje elektronisk gjennom Miljødirektoratet sin portal www.avfallsdeklarasjon.no Her finn ein og brukarretteleingar og meir informasjon om bruk av systemet. Då registrering av brukarkonto er knytt opp mot verksemda sitt organisasjonsnummer, og krev innlogging i Altinn for aktivering, kan ikkje Nomil gjere noko for å hjelpe deg med å lage brukarkonto. Hos Miljødirektoratet finst det brukarstøtte som kan bistå, tlf: 951 61 748

Etter at du har fått oppretta brukarkonto, kan du fylle ut informasjon om avfallet du skal levere. Det må fyllast ut ein deklarasjon for kvart avfallsstoffnummer. Skal du t.d. levere sprøytemiddel og måling, må det fyllast ut ein deklarasjon for sprøytemiddel og ein for måling. Det er og mogleg å overføre ei fullmakt gjennom www.avfallsdeklarasjon.no, slik at Nomil kan fylle ut deklarasjonar for deg. Dette er ei teneste vi tek betalt for.



FØR DU LEVERER TIL VÅRE GJENBRUKSSTASJONAR

- Pakk det farlege avfallet på ein forsvarleg måte, og alle kolli skal vere heile og tette.
- Om avfallet ikkje er i originalemballasje, må du merke det med kva det inneheld.
- Fyll ut deklarasjonsskjema og sende dette inn via www.avfallsdeklarering.no
- Merke det farlege avfallet med deklarasjonsnummer. Nummeret har 9 siffer og står øvst til høgre på deklarasjonsskjemaet.

Nomil sine gjenbruksstasjonar kan ta i mot mindre mengder farleg avfall, innan for ordinær opningstid. Har ein store mengder farleg avfall frå næringslivet, må dette leverast til Nomil sitt hovudanlegg i Gloppen.

KVA KOSTAR DET Å LEVERE?

All levering av farleg avfall frå næringsliv skjer mot betaling. Kostnaden med å få behandla farleg avfall er store, og varierer med kva type farleg avfall det er snakk om. Betalinga skal dekke Nomil sine kostnadar til behandling i særskilte anlegg, transport, ompakking, merking og emballering. Verksemda vil verte fakturert i etterkant for talet på leverte kilo med farleg avfall

DETTE KAN DU IKKJE LEVERE

Farleg avfall med følgjande eigenskapar har Nomil ikkje løyve til å ta i mot:

- eksplosivt (t.d. fyrverkeri, ammunisjon, sprengstoff)
- sjølvtennande (t.d. fosfor)
- radioaktivt
- smittefarleg

KONTAKTINFORMASJON

Nordfjord miljøverk iks

Postadresse: Eidsmona 36, 6823 Sandane

Sentralbord: 57 00 94 00

E-post: post@nomil.no

www.nomil.no

